



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Beate Helland, 5557 2215

Vår dato
22.09.2014
Dykkar dato
28.08.2014

Vår referanse
2014/6228 733.0
Dykkar referanse
13/11131

Kommunane v/rådmenn
v/einingsleiar helse – og omsorg

Demensplan 2015. Ny nasjonal kartlegging 2014 av tilrettelagte tenestetilbod i kommunane til personar med demens

Kartlegginga er ei oppfølging av satsingsområda i Demensplan 2015 og byggjer på tidligare nasjonale kartleggingar, sist i 2010-2011. Kartlegginga omfattar opplysningar og detaljar som ikkje kan hentast frå kommunane si KOSTRA-rapportering. Kartleggingsskjemaet er omfattande, men opplysningane er viktige for å kunne oppsummere status og gje føringar for vidare utvikling av tenestetilboda.

Kvar kommune skal berre fylle ut og returnere eit hovudskjema. Hovudskjemaet har berre plass til registrering av ei eining i kvar kategori (for eksempel dagaktivitetstilbod eller ulike buformar). For kommunar som har fleire einingar i kvar kategori, skal tilleggsskjema brukast og skal sendast inn i tillegg. Skjema er identiske og unummererte, og dei kan difor kopierast ved behov.

Ved utfylling av skjema er det viktig at de les dei ulike definisjonane for butilbod og tilrettelagte uteareal.

Frist for tilbakemelding er 01.november 2014

Send utfylt skjema til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen innan 01.november 2014.

Kontaktpersonar: Beate Helland, Tlf. 55572315
Åshild Gjellestad, Tlf. 55572210

Med helsing

Signe Marit Stephanides
ass. fylkeslege/seksjonsleder helse

Beate Helland
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.